

Vedtekter for LUSTER ENERGIVERK AS, orgnr 933 297 292

Vedteke på generalforsamling 25.05.2020

§ 1 Namn

Selskapet sitt namn er Luster Energiverk AS.

§ 2 Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i Luster kommune.

§ 3 Føremål

Selskapet sitt føremål er:

- å sørgja for ei turvande, sikker og rasjonell energiforsyning i Luster kommune som også tilfredsstillar indre og ytre miljøkrav
 - å skapa verdier for kundane, eigarane og samfunnet i Luster kommune.
 - å sørgja for ei sikker og rasjonell overføring og omsetning av elektrisk kraft på ein kostnadseffektiv måte til beste for både kundar og eigarar
 - å ivareta det samfunnsmessige ansvaret som er gitt selskapet som naturleg monopol
 - å omsetja og produsera kraft til konkurransedyktige prisar
 - å arbeida aktivt for ein god energiøkonomi
 - å driva anna verksemd i samband med dette slik som handel og installasjonsverksemd
- Selskapet skal med si verksemd og sine aksjonærar sikre sterke band til Luster kommune.

§ 4 Aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er på kr. 19.962.500 fordelt på 7.985 aksjar à kr. NOK 2.500 fullt innbetalt og lydande på namn.

§ 5 Overdraging av aksjar

Aksjane kan berre overdragast til personar og selskap som sikrar sterke band mellom selskapet og Luster kommune.

Aksjane kan berre overdragast til fysiske personar registrert i folkeregisteret som fastbuande i Luster kommune eller fysiske personar som eig fast eigedom i kommunen, og til selskap og andre juridiske personar som eig fast eigedom, har si forretningsadresse og det vesentlege av si verksemd i kommunen. Juridiske personer som er del av eit konsern, kan berre erverva aksjar i selskapet dersom også morselskapet har forretningsadresse og det vesentlege av si verksemd i kommunen. Som overdraging omfattar i denne samanheng, i tillegg til frivillig avhending, også tvangsavhending, avhending ved gåve, skifte og arvefall. Alle overdragingar skal godkjennast av selskapet sitt styre.

§ 6 Styre og dagleg leiar

Selskapet sitt styre skal ha 6 medlemmer med 4 varamedlemmer, der 5 av styremedlemene og 3 varamedlemmer skal veljast av generalforsamlinga og vere fastbuande i forsyningsområdet til Luster Energiverk AS.

Av desse skal 2 medlemmer veljast frå gamle Hafslo kommune, 2 frå gamle Luster kommune og 1 frå gamle Jostedal kommune. Val av styremedlemene gjeld for to år, med 2 medlemmer eitt år og 3 medlemmer det neste. Val av varamedlemer gjeld for eit år.

Eitt styremedlem med varamedlem skal veljast av og mellom dei tilsette. Desse vert valt for to år om gongen.

Generalforsamlinga vel kvart år leiar og nestleiar mellom styremedlemene og fastset styremedlemene si godtgjersle.

Selskapet skal ha dagleg leiar som har rett og plikt til å møta i styret.

§ 7 Styremøte

Styreleiar kallar inn til styremøte så ofte han/ho finn det naudsynt, eller når dagleg leiar eller eitt av styremedlemene krev det. Innkallinga skal til vanleg gjerast skriftleg og med opplysningar om kva saker som skal handsamast. Om mogeleg skal det vera ei veke varsel.

Styreleiar leiar styremøtet. Har leiar forfall, leiar nestleiar møtet. Har begge forfall, vel styret sjølv møteleiar.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene/varamedlemene er tilstades. Er røystetalet likt, er møteleiar si røyst avgjerande.

§ 8 Styret sine gjeremål

Styret har ansvar for at selskapet vert drive i samsvar med lover og vedtekter.

Forvaltninga av selskapet høyrer under styret, som skal syte for tilfredstillande organisering og forretningsmessig forsvarleg drift av selskapet.

Styret fattar endeleg avgjerd i slike saker:

- a) Gjera vedtak om visjon, oppdrag, overordna mål og forretningsidè.
- b) Påsjå at det er etablert sikker kontroll for selskapet, rekneskap og formueforvaltning.
- c) Halda seg orientert om den økonomiske stillinga.
- d) Fastsetja budsjett og arbeida aktivt med strategiar samt vedta strategiplan.
- e) Leggja fram forslag til årsrekneskap og disponeringar av årsoverskot eller dekning av underskot.
- f) Tilsetja og eventuelt seia opp dagleg leiar og fastsetja løn for denne.

Styret kan delegera deler av sitt arbeidsområde til dagleg leiar.

§ 9 Firmateikning

Selskapet vert teikna av styreleiar saman med to styremedlemer.

Styret kan gje prokura.

§ 10 Generalforsamling

Ordinær generalforsamling skal holdast kvart år innan utgangen av juni månad. Saker som aksjonærane vil ha opp på generalforsamlinga må sendast styret innan 01. mars. Innkalling skal føregå ved annonsering i lokalpressa og ved oppslag på høvelege stader i kommunen, minst 14 dager før møtet. Sakstilfanget til generalforsamlinga vert utsendt til aksjeeigarar som ber om det, og vil elles verte utlagt på laget sitt kontor til ettersyn for aksjeeigarane minst ei veke før generalforsamlinga.

På generalforsamlinga gjev aksjane røysterett for aksjar dei har eigd i meir enn 4 veker pr generalforsamlingsdatoen såleis:

1-3	aksjar	1 røyst
4-6	aksjar	2 røyster
7-9	aksjar	3 røyster
10-12	aksjar	4 røyster
Fleire enn 12	aksjar	5 røyster

Ingen kan ha fleire enn 5 røyster. Dette gjeld også fullmektig for andre aksjeeigarar, sjølv om fullmektigen er aksjeeigar eller ikkje.

Kopi av underteikna generalforsamlingsprotokoll skal sendast til alle aksjonærane som møtte, enten sjølv eller ved fullmektig, innan 2 veker etter møte.

§ 11 Generalforsamlinga sine gjeremål

Ordinær generalforsamling skal handsama desse sakene:

1. Fastsetja resultatrekneskap og balanse, herunder disponering av overskot eller dekking av underskot.
2. Val av styremedlemer og varamedlemer med leiar og nestleiar, jfr § 6.
3. Val av valkomite på 3 medlemer. Komiteen skal førebu val av styremedlemer/varamedlemer til neste års styreval.
4. Val av revisor.
5. Fastsetjing av honorar for styremedlemer og revisor.
6. Etter framlegg frå styret godkjenna opptak av større lån eller pantsetjing av eigedom av vesentleg verdi.
7. Vedta forretningsidè og eventuelle rammer for selskapet si verksemd.
8. Gjera vedtak i andre saker som vert lagd fram for generalforsamlinga.
9. Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga.

§ 12 Generelt

Så langt ikkje noko anna går fram av selskapet sine vedtekter, gjeld aksjelova slik ho lyder til ei kvar tid.